



Englafjell - også for toppturar på ski

Bjørn Olav Tveit skriv også om topptur på Englafjell i artikkelen om toppturar her i bygda i siste nummer av Kvinnheradmagasinet. Han slår fast at ein også frå dette fjellet kan oppleve fine toppturar med bratt og fin skikøyring.

Men for å oppleve dette fjellet på sitt beste må ein ikkje oppsøkja det for seint på vinteren då nedfarten her ligg meir eksponert enn på Ulvanåso og fylgjeleg slik at snøen forsvinn fortare enn der.


Frå toppen køyrer ein mot nord, straka vegen mot Uskedalen. Omtrent ved 1100 meter-kota kan ein velje, anten å fylgje ryggen mot venstre eller å køyre skrått ned mot Såta.

Dersom ein vel å fylgje ryggen,, kan ein ved enden av denne finne bratte og fine sider ned mot Såta.

Som regel må ein bere skia ned frå Hjorteklett. Dersom snøtilhøva er gode, som regel litt tidlegare på vinteren, kan ein også finne ein nydeleg nedfart langs bekken like aust for Såta.

Tveit kjem også inn på kombinasjonen av skikøyring og enkel vinterklatring og opplysar at ein finn fine høve for dette øvst i dalen - ved Fjellandsbø. Her kan ein klatra opp ryggen mot Vetlenuten. Dette er ein enkel tur som krev stegjern, men ikkje tau. Dersom skavlen mellom Vetlenuten og Øktaredalsnuten er borte, har ein tilgong på ein av dei flottaste og jamnt brattaste nedfartane i heile Kvinnherad. Frå kanten et det omlag 1000 høgdemeter ned til Fjellandsbøvatnet.

Også sør for Vetlenuten let det seg gjere å køyre ned Setraskora mot Snøkistedjuvet. Her kan ein, dersom ein i ekstasen skulle gløyme seg ut og sleppe seg for langt ned, oppleve ein heller strabasiøs retur mot Fjellandsbø, skriv Tveit.



Utsikten frå Nåso mot Mannsvatnet og vidare er ein skitur verd!